

Skogfond – skogbrukslova

Skogfond

Skogfond er ein konto der du er forplikta til å sette av frå 4 til 40% av bruttoverdien du får ved alt sal av tømmer og biobrensel. Disse pengane kan berre brukast til tiltak i skogbrukssamanheng slik som planting, ungskogpleie, bygging og vedlikehald av skogsvegar og mykje meir. På denne kontoen er 85% av pengane skattefrie, og er svært gunstige for seinare investeringar. For meir informasjon om denne ordninga følg denne linken: <https://www.slf.dep.no/no/eiendom-og-skog/skogfond/om-skogfond>

Det finst og ein egen kalkulator som du godt kan bruke for å sjå effekten ved bruk av skogfond på dine egne investeringar, følg denne linken: <http://skogfond.skogkurs.no>

Skogbrukslova

Den norske skogbrukslova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-27-31?q=skog>) skal sikre ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med tanke på lokal og nasjonal verdiskapning, biologisk mangfald, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. Etter §6 er skogeigar forplikta til å forynge grunnen etter hogst, og vi i kommunen er forplikta til å kontrollere at dette utførast i tråd med lova.